

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Høyringsfråsegn - Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.-7.trinn og 5.-10.trinn

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning har følgjande synspunkt på utkastet til *Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn*

Synspunkta våre omhandlar i første rekkje grunnleggjande ferdigheiter. I tillegg har vi ein kommentar til Generell kompetanse. Vi har også synspunkt på det faglege innhaldet i utdanningane.

### Grunnleggjande ferdigheiter

Skrivesenteret ser positivt på at arbeid med grunnleggjande ferdigheiter (GLF) har fått ein så sentral plass når det gjeld læringsutbytte. Lærarstudentane skal etter fullført utdanning ha kunnskap om *arbeid med GLF i og på tvers av fag*, og dei skal kunne *leggje til rette for progresjon* i opplæringa av desse ferdigheitene *tilpassa nivået til elevane*.

Skrivesenteret meiner det er rimeleg å krevje at studentane ikkje berre skal 'ha kunnskap om', men 'ha *solid* kunnskap om' arbeid med GLF. Vi gjer framlegg om at formuleringa vert endra til: "Kandidaten har solid kunnskap om arbeid med ...". Dette gjeld både for 1-7- og 5-10-utdanninga.

Grunngjevinga vår for denne presiseringa er at dersom ein skal lukkast med å utdanne lærarar som kan undervise i samsvar med Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), må ein syte for at dei får fagleg svært god innsikt i kva det inneber både å lese, skrive, bruke språket munnleg og rekne – og også meistre det digitale. Det er ein føresetnad for å kunne reflektere over og leggje til rette for god progresjon i opplæringa. Desse ferdigheitene, som har avgjerande tyding for læring, har fått ein svært sentral plass i LK06.

Vi saknar at dette GLF-perspektivet vert ført vidare i forskrift-teksten. (Dette perspektivet er også fråverande i kommentarane til utkast til forskrift.) For å rette noko på dette og for å knyte opp til læringsutbyttet omtala ovanfor, foreslår vi følgjande:

- Under §3 i delkapitlet om ”Obligatoriske fag, fagenes og praksisopplærings omfang” (første avsnitt) omtalar ein praksisopplæringa. Her må GLF nemnast. Forslag: ”Grunnleggende ferdigheter bør vies særskilt oppmerksomhet i praksisopplæringa.”(som sist setning i første avsnitt s.4)
- I same paragraf, avsnittet under, heiter det at ”Alle undervisningsfag skal omfatte fagdidaktikk og være profesjonsrettede lærerutdanningsfag” (s.4). Vi ser det som viktig å presisere at forskrifta presiserer at *faga* også skal innehalde GLF. Skrivesenteret ønskjer at formuleringa vert endra til ”Alle undervisningsfag skal omfatte fagdidaktikk, grunnleggende ferdigheter og være profesjonsrettede lærerutdanningsfag.” Med ei slik endring blir forskrifta også betre i samsvar med føringane i St.meld. 11, som m.a. seier ”Felles for begge hovedretningene er at alle undervisningsfag skal omfatte fagdidaktikk, og at de grunnleggende ferdighetene i læreplanverket for grunnskolen skal være integrert i fagene” (s.17).

I St.meld. 11 heiter det at alle fag skal arbeide med opplæring i grunnleggjande ferdigheiter, norsk skal ha eit særleg ansvar for grunnleggjande språklege ferdigheiter, desse ferdigheitene skal også ”vies særleg oppmerksomhet ... i faget pedagogikk og elevkunnskap (PEL)”, og PEL skal ha det overordna ansvaret for at studentane får den nødvendige kompetansen til å undervise elevar i grunnleggjande ferdigheiter. Her er det mange som skal i aksjon – og mange som har ansvar, rimelegvis med ulike faglege føresetnader. Vi ser ein fare for at undervisninga kan bli vilkårleg. Skrivesenteret etterlyser nasjonale retningslinjer for korleis arbeidet skal organiserast for å sikre nødvendig fagleg fordjuping og heilskapleg forståing av GLF.

Ei løysing er å lage eit tverrfagleg studieemne, t.d. etter modell frå GLSM-studiet, for slik å ivareta arbeidet med GLF. Behovet for ei slik ordning er særleg stor for 5-10-utdanninga, der ein skal arbeide med vidareutvikling av GLF og der viktig faglege ”premissleverandørar” som norsk og matematikk ikkje er obligatoriske fag. Eit slikt studieemne kan også hjelpe til med å gi fagleg forsvarleg opplæring i bokmål og nynorsk.

Skrivesenteret ønskjer å understreke at solid opplæring for lærarstudentar i GLF er ein føresetnad for at LK06 skal bli realisert – og for at vi skal få betre resultat på framtidige prøvar i lesing, skrivning og rekning.

## § 2 Læringsutbyte – Generell kompetanse

Vi ønskjer føydd til eit ekstra punkt under Generell kompetanse

- kan stimulere til kommunikativ utvikling og til reflektert og medviten samhandling i ulike situasjonar og gjennom ulike medium

Grunngjeving: Kommunikativ kompetanse er avgjerande for å kunne greie seg i dagens samfunn – og ein føresetnad for å kunne delta aktivt i demokratiske samanhengar m.a. Ein viktig kompetanse å arbeide med for lærarar.

## § 3 Struktur ... om faglig sammensetning

Under omtale av kva 1-7-utdanninga skal omfatte, står det følgjande om innhaldet i utdanninga: ”Hovedvekten skal ligge på begynneropplæring”. Denne utsegna signaliserer at dette er ei utdanning som primært rettar seg mot dei som skal arbeide på småskoletrinnet. Kva med dei som ønskjer å undervise på mellomtrinnet? Har dei noko å hente her? Vi gjer framlegg om at setninga blir utvida slik at ho også seier noko om at studentane skal fordjupe seg i fag.

Skrivesenteret er opptatt av at ein ikkje signaliserer at fagleg fordjuping er noko som ein berre forventar av dei som vel 5-10-utdanninga. Dei yngste barna har også behov for – og krav på - at lærarane har solid kunnskap i faga dei underviser i. Å svare kvalifisert på små barn sine spørsmål er krevjande. Gylne læringsaugneblink går tapt når lærarar ikkje er i stand til å svare skikkeleg.

### **§ 3 Bacheloroppgåva**

Vi gjer framlegg om at setninga som omhandlar det tematiske innhaldet i bacheloroppgåva i forskriftsteksten, vert endra i samsvar med formuleringa i kommentaren (s.10) – altså slik: ”Oppgaven skal være profesjonsrettet med tematisk forankring i studentenes undervisningsfag de tre første årene og/eller faget pedagogikk og elevkunnskap”.

Skrivesenteret synes det er eit viktig poeng at problemstillingar knytt til arbeid med undervisningsfaga blir løfta tydelegare fram som aktuelt tema for ei bacheloroppgåve. Jf. Hovudgrunngevinga for denne lærarutdanningsreforma – nemleg sterkare fagleg fordjuping.

Trondheim 20.januar 2010

Synnøve Matre  
Konst.leiar/professor  
Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning